



Kartverket

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79

5906 FREKHAUG  
Norge

Deres ref.:	Vår ref.	13614632	Dato:
	Sak/dok.:	18/52486-1	09.10.2018
	Ark.:	346	

## Dokumenter har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr.39 bnr. 24, 28 og 29 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert arealoverføringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumenter har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

#### Kva må til for at dokumenter kan tinglysast?

De har sendt inn to melding til tinglysning. Det er overføring av areal mellom bnr. 28 og 24 og mellom bnr. 29 og 24. Dette er to forskjellige arealoverføringar og krev dermed kvar sin erklæring om arealoverføring.

Vi ber derfor om at de lager éin erklæring mellom bnr. 28 og 24 og éin mellom bnr. 29 og 24. I erklæringa må arealet samsvare med melding til tinglysning. I tillegg må avgiftsgrunnlaget atterspegle marknadsværdien for arealet som blir overført, det vil si at de ikkje skal skrive ein felles avgiftsgrunnlag for begge arealoverføringane.

Vi synar til tinglysingslova § 8.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenter inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenter. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no). Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 61.

Med vennlig hilsen

Ingrid Synnøve Johnsrud  
saksbehandlar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.